


# Øy Nytt

## Kyrkjeblad for Øygarden



Frå misjonstur til Kenya.  
Ottar hadde med fleire  
fotballar. Det er stor stas  
å eiga sin eigen ball!  
Sjå meir på siste side.



### I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Svenn fyller 60!  
Glad påske! Påskeandakt  
Barne- og ungdomssider  
Nytt frå råda

Side 4

Side 6


Side 7, 8 og 9

Side 11

*God påske!*



## SOKNEPRESTEN HAR ORDET



### Som Lensmannen, så Presten?

Det var våren 2007 at vår omtykte Lensmann gjekk over i anna arbeid i Politiet etter 25 år i Øygarden. Seinare mista me heile Lensmannskontoret. Politikarane og mange i kommunen vår har ikkje vore glade for dette. Og Bjørn Sæle sa ved nemnde høve: «Politiet må prøva å følgja med i miljøa her ute. Slik kontoret var organisert før har det vore lett å gripa inn på eit tidleg stadium dersom ein ser ei uehildig utvikling.»

Men alt i 2005 var det at Lensmannskontora Askøy, Fjell & Sund og Øygarden vart slegne saman til ei driftseining. Andre må svare på om den nemnde reforma har ført til meir politinærver og tryggleik for folk. Og det er jo ikkje utan vidare slik at alt var betre før.

Men ein sentraliseringss prosess er det. Og er det meir sentralisering og byråkrati me treng i landet vårt? I store organisasjoner er det visst stor tru på at det vert større effektivitet og meir lønsam drift gjennom større einingar. Dette gjeld ikkje bare i Politiet!

For ein liknande prosess har alt vore i gong i Den norske kyrkja nokre år. I 2003 var det ein nasjonal prostekonferanse i Bergen, og i 2004 starta den formelle prosessen med å gjere Prostiet til tenestedistrikt for nyttilsette prestar i samband med nye Tenesteordningar, medan prestane som alt var i teneste fekk høve til å underteikne ny arbeidsavtale.

Sjølv hadde eg ikkje tru for dette, og valde å framleis vere tilsett på «gamlemåten». Og slik har det vore siden. Og no er bare 4% av prestane i Dnk på gammal Tenesteordning.

I mine prestear i Øygarden har «lille meg» prøvd å gå i dei same spor som mine mange gode forgjengrarar, som trufast var saman med folket her ute på øyane med Tenesta med Ord og Sakrament, i glede og sorg.

Dette tyder ikkje at korkje sokneprest eller prestegjeld skal vera «oss sjølv nok». At eg og dei fleste prestane i prostiet frå 2005 er med i Beredskapsstenesta i Vesthordland er t.d. sjølvsagt. Kyrkja har ein lang tradisjon med innsats over prestegjeldsgrensene og hjelpe til kolleger og overordna når det har vore trøng for dette.

Øygarden Kyrkjelege Fellesråd(ØKF) har komme med ein høyringsuttale i fjor haust i samband med Kyrkjedepartementet sine føreslegne endringar i Gravferdslov og Kyrkjelov som m.a. går inn på den nemnde problematikken. Heile uttalen kan lesast på nettsida våre, [www.kyrkja.net](http://www.kyrkja.net).

I tilsvaret vårt til kap. 6.1 *Tilpasninger til ny organisering av prestetjenesten* gjev me først att Departementet sine kommentarar om nemninga *Prestegjeld*:

«Begrepet prestegjeld har ingen annen selvstendig betydning enn som betegnelse på prestens tjenestedistrikt...Begrepet prestegjeld foreslås derfor nå tatt ut av kirkeloven. Endringen innebærer at de prestestillinger som til nå fortsatt har hatt et prestegjeld som tjenestedistrikt, vil få prostiet som tjenestedistrikt.»

Om dette vert vedteke av Stortinget kjem Øygarden *Prestegjeld til å opphøye* dersom ikkje noko anna hender når eg ein dag går ut av tenesta som dykkar sokneprest. Min etterfølgjar vil kanskje ha titelen sokneprest, og om «råd og embete» er medvitne er det vel mogleg at mestedelen av

presten sin innsats framleis kan skje i sokna Blomvåg og Hjelme. Men kor sikre kan vi eigentleg vera på dette?

Om sjølv saka sa ØKF til Departementet sin tenkemåte:

«...dette er uehildig, og ... ved å kaste ut prestegjeldet som nemning og organisasjon kastar ein ut ein lang og stolt åndeleg tradisjon i Dnk, som godt kan kallast "landsbyprestene".» I tillegg høyrer vi ofte frå prestar som kom inn under...Tenesteordninga 2004 at dei ikkje er nøgde. Presteteneste "på rotasjon" vert ikkje det same. Det er ikkje noko som kan erstatte "førstelinepresten", "vår prest". (Vi) er sterkt usamde og motset (oss) endringa...»

Vid Bispedømet sin Leiarkonferanse om Stat-Kyrkje i Bergen 9. mars hadde eg eit innlegg om denne saka og viste m.a. til det moderne slagordet *Kortreist mat*.

Eg er redd for at ein må *reisa* lenger til *den åndelige maten* i Dnk i framtida. Eg trur òg at dette vil føre til større avstand mellom kyrkje og folk, og t.d. meir heimesiting og mindre gudstenesteoppmøte.

For å vri litt på Jakob Sande og Geirr Tveit si vise: *Omsider kom ein til Lensmannen og Presten.*

Men det er ikkje for seint å snu: «Landsbyprest» er stadig både eit godt namn og eit flott ideal å leve opp til for den lokale prestetenesta rundt i vårt vidstrakte land. Slik òg i Øygarden. Lat meg òg nemna at ved same leiarkonferansen spurde den kjende kyrkjepolitikaren og prost Trond Bakkevig, som er eit sentralt namn i arbeidet med kyrkjereforma: «Var det lurt å ta bort prestegjeldet?»

Eg vil her òg legge til at både Sverige og Danmark framleis nyttar eit tilsvarende uttrykk som prestegjeld: «Pastorat» som nemning på presten sitt tenestedistrikt, medan både Grønland og Færøyane framleis har prestegjeldsnemninga.

Same kva ein kallar presten sitt tenestedistrikt: Det eg trur denne saka handlar om er: Vil det «Landsbyprestane» stå for kunne halde fram når eg og andre i min prestegenerasjon forlet Tenesta i Dnk?

Eg er uroleg, og trur at om kyrkjekursen held fram er det ein reell risiko for at det i framtida vert vanskelegare å nå prestar og kyrkjelege medarbeidarar, i glede og sorg. Og vanskelegare å nå folket vårt med Evangeliet.

Noreg, men òg vår heimplass for Kristus! All organisering må innordnast under dette.

sokneprest@kyrkja.net

### Samtale og sjelesorg

Både sokneprest Svenn Martinsen og prostiprest Egil Hjortland og diakoniarbeidar Bjørg Blom er glade for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre ta mot til seg og slå eit telefonnummer eller ta tak i oss i kyrkja elles i felten for å avtale tid og treffestad! Vi har alle tieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan også føre til skriftemål. Det er også ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkja. Ver frimodig og ta kontakt!



## Den norske kyrkja i Øygarden

### ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar:	Hjelme og Blomvåg kyrkjelydar
Redaktør:	Odd N. Thormodsæter
Kontingent:	Min. kr 100,- *innan kommunen Min. kr 150,- utanom kommunen
Takkeannonser:	kr 100,-
Kontonr.	3628.07.02557
Trykk:	Bodoni
Distribusjon i Øyg.	Hurtiglevering, tlf 9866 5329

### Kyrkjekontoret:

Besøksadresse:	Rong senter, 2. etasje
Postadresse:	Boks 144, 5331 Rong
Telefon:	5638 2240
Faks:	5638 2241
Vakttelefon prest:	5638 2244
E-post:	<a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a>
Heimesider:	<a href="http://www.kyrkja.net">www.kyrkja.net</a>
Ekspedisjonstid:	måndag – fredag: 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorleiar:	Kari Sandøy Rong
E-post:	<a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a>

Kyrkjelydspdpedagog:	Trine Overå Hansen
E-post:	<a href="mailto:kyrkjelydspdpedagog@kyrkja.net">kyrkjelydspdpedagog@kyrkja.net</a>
Telefon:	5638 2247

Kantor:	Anne Lise Grøm
E-post:	<a href="mailto:kantor@kyrkja.net">kantor@kyrkja.net</a>
Tlf.	5638 2245/9188 1208

Sokneprest:	Svenn Martinsen
E-post:	<a href="mailto:sokneprest@kyrkja.net">sokneprest@kyrkja.net</a>
Tlf.	5638 2244/9506 7890

Diakonimedarbeidar:	Bjørg Blom
E-post:	<a href="mailto:diakon@kyrkja.net">diakon@kyrkja.net</a>
Tlf.	4781 6181

Kyrkjeverje:	Odd N. Thormodsæter
E-post:	<a href="mailto:kyrkjeverje@kyrkja.net">kyrkjeverje@kyrkja.net</a>
Tlf.	5638 2243/990 16 616

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:	
Kåre Kristoffersen,	911 05 197
Klokkar i Blomvåg:	Ole Vik

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:	
Kjellaug og Raymond Vik	900 30 753/900 75 652

Blomvåg kyrkje:	5638 7022
Hjelme kyrkje:	5638 8030

Råda:	
Hjelme og Blomvåg sokneråd:	Leiar: Olaug Merete Rong

Øygarden kyrkjelege fellesråd:	
Leiar:	Atle Dåvøy

Beredskapsordning for Vesthordland prosti  
Tlf. 954 83 655

*Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjoner.*

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå **kl 1700 til kl 0800** neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret. Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som for **5638 2244**.

Frist for stoff til nr 3 er 10. mai.

# MIN SALME

av Olaug Skjold

1. *Fagert er landet du oss gav,  
Herre, vår Gud og vår Fader!  
Fagert det stig av blåe hav,  
soli ho sprett og ho glader,  
signar vårt land i nord og sud,  
såleis di åsyn lyser, Gud,  
over vårt Noreg i nåde.*

2. *Likjest vårt folk i mager jord  
skjelvande blomen på bøen,  
står utan livd i vind frå nord  
tett innmed kanten av snøen.  
Herre, du ser med miskunn ned,  
folket vårt gjev du livd og fred,  
er oss så kjærleg ein Fader.*

4. *Tidi ho renn som elv mot os,  
fort skifter sumar med vetter.  
Fader, ver alltid Noregs los  
radt til dei seinaste ætter!  
Herre, vår Gud, vårt Noregs Gud,  
varda vårt land frå fjell til flud,  
lær oss å gå dine vegar!*

5. *Signa då, Gud, vårt folk og land,  
signa vårt strev og vår møde,  
signa kvar ørleg arbeidshand,  
signa vår åker med grøde!  
Gud, utan deg den vesle urt  
veiknar og visnar, bleiknar bort,  
ver du oss ljaset og livet!*

Våren er her. Naturen vaknar etter månader med kulde. Me vert i undring over det fantastiske i Guds skaparverk, men det kan me vel òg verta ein vakker vinterdag.

Anders Hovden har skrive «Fagert er landet» som er både ein salme og nasjonalhymne. Salmen vart skapt i Krøsherad. Ein vakker vinterkveld gjekk Anders Hovden på ski, og den opplevinga gav han inspirasjon til salmen. Dette hende i 1907.



## Kvifor tykkjer eg så vel om denne salmen?

For å fortelja det, må eg tilbake i tid og minnast ei hending.

Det er 17. mai. Veret er strålende, slik alle ynskjer at nasjonaldagen skal vera: Sol frå klår himmel og grønkledde lier. Me skuleborna går i tog gjennom bygda til ein utsiktsplass. Der stansar me og står i ro medan lærar Sivert les «Fagert er landet» med innleining og varme. Eg ser meg ikring; – då går det opp for meg! Orda i salmen er då nett slik me kan sjå det her me står! Fjelltoppar med snoflekker, hist og her-sjøen glitrande blågrøn med skjer og holmar spreidde utover. Det grøne i bjørk og bakkar er med i fargepelet, og ikkje å forgloyma dei norske flagga i ivrige barnhender!

Dette synet frå barndomen har festa seg i sinnet mitt. Kvar gong eg hører «Fagert er landet», er eg på Sethaugen heime i Fjelberg. Lærar Sivert ville me skulle læra salmen utanboks, for han inneheld både bøn og hylling til det fagre landet vårt. Les heile salmen i ro og ettertanke. Det 5. verset gjev oss hjelp til å venda oss til vår Far i himmelen. Tenk om alle i vårt kjære land folda hendene og bed: «**Ver du oss ljaset og livet»**

«Fagert er landet» står på nr. 740 i Salmeboka og har 5 vers.

Eg utfordrar Helga Bakken til å skriva neste gong.

## GAMALT BILETE FRÅ ØYGARDEN



I forrige nummer presenterte vi dette biletet utan namn på elevane. No har vi fått god hjelp med å namngi desse elevane og trykker difor biletet ein gong til!

### Våren 1964.

7. klasse på Blomvåg skule er konfirmantar og avgangselever. Ein herleg flokk som det var sårt å skiljast frå, tykte klassestyraren Hans Steinsund, som og knipsa biletet. Han bur no i Hardbakka i Solund.

Framme frå høgre: Margun Paulsen, Grethe Dale.

2. rad: Oddlaug Johannessen, Alvhilde Blom, Aud Sissel Herdlevær, Wenche Nielsen, Torhild Kårbo, Laila Johannessen.

3. rad: Jostein Dale, Einar Blom (halvt skjult), Alf Dale, Knut Svein Dale, Odd Johan Mikkelsen.

Bakerst: Johan Gunnar Sæle, Atle Dale, Odd Dale.

Kirsten Blom låg på sjukehuset og tok blindtarmen då biletet vart tatt.

# VÅR «RADIOAKTIVE» SOKNEPREST FYLLER 60 ÅR!

Sokneprest i Øygarden, Svenn Martinsen fyller 60 år 4. mai. Denne dagen inviterer han alle til «ope hus» i kantina på Tednebakkane omsorgssenter mellom kl 1400 og 1800.

Tekst og foto: ONT

Svenn og ektefellen Torhild har bustad på Ågotnes i Fjell. Saman har dei tre barn. I desse dagar er dei også blitt besteforeldre for første gong!

Øygarden er det tredje prestegjeldet Svenn har gjort teneste i. Tidlegare har han tenestegjort i Bud i Romsdal og i Fjell. Som mange andre prestar starta han karrieren som feltprest.

## - Kvifor er du prest, Svenn?

Eg fekk kall til å bli prest i 1968/69 gjennom det kristne ungdomsarbeidet eg var ein del av. Dette førte fram til ordinasjonen i 1978.

## - Når du no snart runder 60 år, kva er du primært oppteken av?

Innhaldet i gudstenester er svært viktig for meg. Det er her evangeliet vert formidla gjennom liturgi og tale og teke imot av den enkelte. Å forkynna Kristus er det primære.

Vidare er sjelesorg eit viktig tema i livet mitt. Særleg i kriser kjem ein nære enkeltmenneske som treng nokon å snakka med.


## - Korleis ser du på tenesta di i Øygarden?

Tenesta er ein stafett der eg har fått stafettspinnen fra dyktige forgjengjarar. Når mi teneste er over skal den førast vidare til nye medarbeidarar. Åra i Øygarden har vore til oppmuntring og inspirasjon. Kyrkja sitt arbeid i Øygarden er – gjennom samarbeid med misjonen sine løna og uløna medarbeidarar – kome nære dei forskjellige aldersgrupper.

Den som kjenner Svenn, kjenner også hans store interesse for radio. Via store antenner på heimehuset kan han lytta til kristne radioprogram frå heile verda.

## - Når starta denne interessa?

Eg fekk kall og interesse til å formidla



den kristne bodskapen gjennom eteren alt frå 13-årsalderen. Dette har følgt meg i alle år sidan. Dette ønskjer eg å halda fram med også etter eg sluttar som prest. Det nye i vår tid er fokusset på internetradio. Her kan ein nå nye grupper menneske over heile verda. Målet er å utvikla dette konseptet gjennom forkynning og god musikk. I dag kan «Radiopresten» høyrast på Kystradioen Sotra sine frekvensar kvar mandag kveld og på Kystradioen Bergen og Radio Osterøy sine frekvensar kvar torsdag kveld.

*Stab og sokneråd ønskjer med dette soknepresten Guds velsigning over dagen og arbeidet vidare i prestetenesta og radioarbeidet.*



Ordinasjon av Svenn Martinsen i Fana kyrkje 1978. Foto: Ronny Søvik

# Utdrag av årsmelding for Skjergardsheimen 2010

Året 2010 har også vore eit hektiske driftsår. Stort belegg på weekendar, stort belegg på sommarleirar og bra belegg på leirskular. Sidan det har vore mange utleigedøgn med servering, har dette medført mykje arbeid for personalet.

## Staben:

Dagleg leiar: Jan-Owe Jensen  
Assistentar: Carmen Nitaoia og Ileana Diana Dumitru, Ioana Ciotea.  
Leirkulelærar: Eirik Andersen, Asbjørn Sekse, Lars Ivar Dale og Fredrik W. Brunstad

## Båtplass/båtar

Båtplassen i Hovden har også dette året vore svært tilfredsstillande. Veldig gode tilbakemeldingar frå leirkulelærarar, og andre på den nye båtplassen. Båtplassar i flytebryggja har vore uteleid gjennom heile året. Innkjøp av 6 nye kanoar.

## Leirkule

Veldig godt resultat for leiskuledelen. Det har vore ein liten nedgong i talet på overnattingar, pga mindre elevtal i klassane. Mykje administrativt arbeid og mykje reising som føljer med å driva leirkule. Gode tilbakemeldingar frå elevar og lærarar. Veldig godt kvalifisert personell. Betre haust enn vanleg.

## Sommarleir

Det har vore 3 sommarleirar for Bergen Kommune. Tilbakemeldingane har vore

veldig gode, og at det har gått greit. Erfarne leirsjefar, og mange dyktige leiarar, gjer sitt til at leiran vert vellukka. Helse for livet sitt seminar vart arrangert for 9. gong. 7 dagar

## Weekendar

Det har vore ei auke i weekend uteleige. For det meste er dette overnattingar der delta-karane steller seg sjølv, og ikkje har bruk for vår husmor. Større etterspørsel etter weekendar med full pensjon. Veien Bibelskole har hatt undervisning hjå oss 4 x 4 dagar i løpet av året.

## Anna overnatting

Stor nedgong i antall overnattingar. Likevel ein del overnattingar i vekedagane. Kristkirken med «bli kjent-leir», Kunstskolen med studieopphold. Bibelskulen Bildøy, disippelinje, «bli kjent-leir». Lærarhøgskulen med studieopphald.

## Eigne barneleirar i regi misjonen og kyrkja i Øygarden

Leir for 3. og 4. klasse, 50 deltakarar, 5.klasse, 45 deltakarar, 6.og 7. klasse 58 deltakarar, ungdomsskuleiren 38 deltakarar. Til saman 191 inkludert leiarar. (183 i fjor)



## Rekneskapen

Rekneskap for 2010 viser et driftsresultat på kr 251 882,- og et overskot på kr 7 743,- etter årsoppgjørdisposisjonar.

## Styret

dette året har vore samansett slik:  
Audun Sæle, leiar  
Geir Dale, nestleiar  
Råmund Skjold, styremedlem  
Olaug Hatten, styremedlem  
Anita Dåvøy, styremedlem  
Vararepresentant har møtt på alle styremøta.  
Jan-Owe Jensen, sekr/dagleg leiar  
Ove Dåvøy, vararepr.  
Henning Sandøy, vararepr.  
Kari S. Rong , vararepr.  
Det har vorte halde 5 styremøter og 1 årsmøte.

For styret Audun Sæle

## SONGVELD I BLOMVÅG KYRKJE

Tekst: Bjørg Blom

Søndag 13. mars var det mange som samlast i Blomvåg kyrkje til songkveld. Me fekk besøk av ca. 50 songarar frå Nordhordlandsmusikken. Det er eit musikkor som samlar folk frå heile Nordhordland, også frå Øygarden. Dei gledde oss med vakker song og musikk, leia av dirigenten, Johannes Lyngset. Han er musikkklærar v/Frekhaug Folkehøgskole. Han delte også vakker solosong med oss.

Elles opna han kvelden med fin orgelmusikk. Odd Normann Thormodsæter hadde ei velkomsthelsing der han ynskte nordhordlendingane velkommen til ei fin og nyoppsusta kyrkje. Fleire frå koret kom med helsingar og vitnesbyrd, innimellom allsong og korsong. Innslag av duettsong var det og. Det var ein fin kveld der lovsongen til Gud var i sentrum. Me vart minna om det vesle som kan bli noko stort når Gud får velsigna det! Og at når me no går inn i fastetida, må det føra oss nærmare Gud, slik at me kjem fornøya ut av den! Takk til alle som var med oss den kvelden, takk og til gava de gav i kollekten! Mest 10 000 kr vert no delt mellom koret og Nordhordland Indremisjon. Songleda var stor både hjå tilhøyrarar og songarar, så me håpar på fleire slike kveldar!



## Minibokhandelen tilbyr:

### Bibel til konfirmanten?

Ta kontakt med kyrkjekontoret, vi kan ordna dette for deg.

Telefon 5638 2240

## Vest Modul AS

5336 Tjeldstø

Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og uteleige av brakker



Trelastlager Tjeldstø



# GLAD PÅSKE!

Av Nils-Tore Andersen, tidlegare leiar i Kyrkjerådet

## Bibeltekst: Johannes 20, 1-10:

Tidleg om morgonen første dagen i veka, medan det endå er mørkt, kjem Maria Magdalena til grava. Då får ho sjå at steinen er teken bort frå grava. Ho spring av stad og kjem til Simon Peter og den andre disippelen, han som Jesus hadde kjær, og seier til dei: «Dei har teke Herren ut av grava, og vi veit ikkje kvar dei har lagt han.» Då tok Peter og den andre disippelen ut og kom til grava. Dei sprang saman, men den andre disippelen sprang fortare enn Peter og kom først til grava. Han bøygde seg inn og såg linkleda som låg der, men han gjekk ikkje inn i grava. Simon Peter følgde etter, og han gjekk inn. Han såg linkleda som låg der, og duken som Jesus hadde hatt over hovudet. Den låg ikkje saman med linkleda, men samanrulla på ein stad for seg. Då gjekk den andre disippelen òg inn, han som var kome først fram til grava. Han såg og trudde. For endå hadde dei ikkje skjøna det Skrifta seier, at han måtte stå opp frå dei døde. Så gjekk disiplane heim.

## God påske! Jesus har stått opp!

### Livet har sigra.

Det hende for nokre år sidan etter påskedagsgudstenesta var slutt. Vi helste kvarandre utanfor kyrkja med det vanlege: «God påske!» Frå somme kom det noko meir fromt: «Velsigna påskehøgtid!» Men brått var det ein som smilande, med svensk aksent, slo til med eit friskt: «Glad påsk!» For det brukar ein visst å seia til kvarandre i Sverige. Glad påske. Kor mykje rettare det lydde enn vårt meir generelle og trauste «god påske». Framfor noko er påskedagane gledehøgtida. Det er livet som sigrar over døden. Ikkje slik at påska ikkje har rom for liding, mørke og angst. Langfredagen er fortætta av fortviling. Slik livet også kan vera det. Men det er inga håplaus sorg. Sigeren på påskedagen kastar lys også inn i dei mørke romma. Jesus har sigra. Livet har vunne.

Johannes si forteljing om det som hender omkring Jesus oppstode, slik vi les det i søndagens bibeltekst, er prega av intens sensasjon. Det dirrar mellom linjene av spenning, speiding og hastverk.

Ei kvinne er først ute, Maria Magdalena. Ho var ei av kvinnene som var i følgjet til Jesus, og Lukas fortel at Jesus ein gong hadde lækt henne. No vert ho det første vitnet om Jesu oppstode. Ho kan nesten ikkje tro at det er sant, men spring attende til læresveinane. Det er viktig at dei får høyra kva som har hendt så fort som råd. Til tider har eg undra meg over kvifor akkurat Maria Magdalena var den som først fekk møta den oppstadne Jesus Kristus. Evangelistane gir oss ikkje noko svar på det spørsmålet. Dei konstaterer berre faktum. Og faktum er at det altså

nettopp var ei kvinne som først kom til den tomme grava, og som først møtte den oppstande, og som personleg kunne vitna om dette for dei mannlege læresveinane. Ho innleier rekkja av millionar av kvinner som sidan har møtt Jesus og avlagt sitt personlege vitnemål for andre. Ho gjekk rett inn i disippelflokkene og fortalte dei kva ho sjølv hadde opplevd, og sjølv hadde sett. Det enkle vitnemålet hennar, som vart bore fram med overtydingsmakta i det sjølvopplevde, sette store ting i gang mellom dei mismodige læresveinane. Ja, det gav dei faktisk vona att.

Eg trur mange av oss må bli flinkare til å fortelja kvarandre kva vi sjølv har opplevd med Jesus. Folk er trøytte av ord og meininger, tankar og filosofiar, synspunkt og velformulert argumentasjon. Men det ekte, personlege, sjølvopplevdet når fram til dei fleste. Du merkar godt når det som vert sagt, er personleg erfart, ekte og brennande. Bibelteksten på første påskedagen som fortel den store gleda at Jesus er oppstaden, slik han hadde sagt på førehand, skal også utfordra oss med spørsmålet: **Kven er det i vår tid som vi gå i fotevara til Maria og fortelja om gleda?**



Fargeill: Anders Færevåg

# BARNE- OG UNGDOMSSIDER

## - Jesus døydde slik at vi kan kome til Gud

Kva er påska? Kvifor måtte Jesus dø? Her kan du få svar.

Tekst: Kristin Winther Jørgensen, KPK

Kva tenkjer du på når du hører ordet påske? Skuleferie? Snø, ski og godteri? Påska er alt det, men og mykje meir for kristne menneske. Det er ei kristen høgtid, og den handlar om at Jesus døydde, men stod opp att.

Her er det mykje som kan vere vanskeleg å forstå. Difor får Jarle Waldemar fortelje kva som skjedde, han er nemleg ekspert på å fortelje barn om Jesus.

*– Jesus hadde vore på jorda lenge og var ein vaksen mann som hadde snakka om Gud og om at han var Guds son. Han hadde gjort mange teikn og under, og det var mange som var glade i han. Så kjem påska. Kva skjedde eigentleg i påska, den gongen for rundt 2000 år sidan?*

– Det at Jesus rir inn i Jerusalem er eit teikn på at noko spesielt skal skje. Jesus hadde eit siste måltid saman med disiplene sine, og sa til dei at dei skulle ha et sånt måltid til minne om Jesus heilt til han kjem attende til jorda. Etter at dei hadde ete, vart Jesus plaga og hadde det veldig vondt, og så døydde han på ein kross. Han sa at han gjorde dette for alle menneske, seier Jarle.

### Vi får kome til Gud

– Jesus er så glad i oss at han døydde for alle. Vi menneske gjer feil, og når vi trur at Jesus døydde for oss, tek han bort våre feil. Gud hadde planlagt for lenge sidan at Jesus skulle døy, seier Jarle.

*– Kva skjedde etter at han døydde?*

– Jesus døydde på ein kross og hadde det veldig vondt. Men heile poenget er at historia om Jesus ikkje sluttar der. Han var død, men så stod han opp att, han vart levande etter at han hadde vore død. Det skjedde for at vi menneske ikkje skal døy, men skal få leve evig om vi trur på Gud, fortel Jarle.

### Gud kan alt

*– Men Jarle, korleis kan nokon verte levande att etter at dei har vore døde?*

– Gud kan alt! Han skapte jorda på seks dagar og han vekka opp att Jesus. Jesus, som er og var Guds son, måtte døy for å vinne over døden. Slik viste Gud at han er glad i oss og at alle som trur på han kjem til himmelen, fortel Jarle.

*– Kor viktig er påska for ein som er kristen, ein som trur på Jesus?*

– Ein kristen trur på det som skjedde i påska, det tyder mykje for ein kristen. Det å vere kristen, er ikkje berre å være snill og grei, men og det å tru at Jesus døydde og stod opp att. Fordi det skjedde, kan vi ha evig liv, og vi kan leve med Jesus her på jorda. Vi kan og dele trua vår med andre menneske, seier Jarle. Han fortel meir:

– Påska er det viktigaste i kristendomen, den legg grunnlaget for kristen tru. Gud skapte verda med eit føremål. Kristendom utan påske er ikkje kristendom.



### Ny klubb på Oen bedehus samla 70 born!

Oppstarten av den nye klubben Pluss på Oen bedehus vart feira med «allemandsbursdag». 70 born mellom 10 og 14 år var samla til åpningsfesten, onsdag 23. mars!

Hot-dog, kake, bursdagsleikar og presang til alle var inkludert i «allemandsbursdag» på første samling for klubben Pluss. I tillegg var det temaandakt der vi fekk høre om nokre av dei mange profetiane om Jesus i det Gamle Testamentet.

Klubben er for alle som går i 5.-8. klasse og har to arrangement til før sommaren: Påskevandring den 27. april og Barbecueparty den 25. mai.



### Nytt kor i Øygarden:



Har du lyst å vera med?  
Øvingar i Blomvåg kyrkje  
kl. 17.30 til 19.30 desse tysdagane:  
22. mars, 5. april, 26. april, 10. mai

### -din el-kontakt

VESTGAR V ELEKTRO

Postboks 30, 5331 Rong  
T: 56 38 94 73  
E-post: post@vestgarelekstro.no  
www.vestgarelekstro.no

## 8.-10. klasseleir

Årets ungdomsskuleleir på Skjergardsheimen gjekk av stabelen 18.-20. februar. I år som tidlegare var ungdomsskuleiren eit høgdepunkt for mange av tenåringane i kommunen.

Tekst: Hogne Berland. Foto: Silje Fjeldstad



Tema for denne leiren var **Abraham** og på bibelsamlingane fekk vi høyre mykje om det å bryte opp frå noko kjent og å stole på Gud. I tillegg var alle vanlege leiraktivitetar på plass i programmet pluss nokon nye. Ungdommane fekk prøve seg på bibelsmugling, TBC (The Big Contest) og det nye «Grillein-kristen»-seminaret. På dette seminaret fekk ungdomane stille spørsmål om kva dei ville til eit panel av tre ledarar. Dette var eit populært innslag og mange gode spørsmål vart stilt og gode svar vart gitt. Etter ein innholdsrik leir var det ein trøtt gjeng som reiste heim søndag ettermiddag. Men det var vel som forventa. Sove kan vi jo gjere heime!



## Bibelleir for 5. klasse!

Dette skuleåret har 5. klassingane fått utdelt eigen bibel. Og kva passer vel då betre enn å reise på leir for å bli betre kjent med denne boka og samtidig få ei super helg i lag med gamle og nye vener? Helga 25.-27. mars var det klart for Bibelleir på Skjergardsheimen!

Tekst: Hogne Berland • Foto: Regine Oen Hatten

Tema for leiren var rett og slett «**Bibelen**». Deltakarane fekk lære mykje om kva som står i denne boka og om



oka sin hovudperson, Jesus. Mange  
lærte seg til og med  
bibelvers utenat  
þg fekk eit fint og  
velfylt minneord-  
sertifikat med seg  
heim. Vi hadde

## Påskedikt

av Jakob Sande

*Du som låg i natti seine  
sorgtyngd, vanvord og åleine,  
skjelvande på såre kne,  
du som skåli trufast tømde  
medan alle dine rømde,  
stridsmann frå Getsemene!*

*Du som spotta vart og banna,  
kront med klungerkrans om panna,  
medan augo brann i sorg,  
du som stod i namnlaus pine,  
skild frå dei du kalla dine,  
einsam i Pilati borg!*

*Du som hekk til krossen nagla,  
medan blodut sveitte hagla  
frå di panne då du sa:  
Fader, kvifor gjekk du frå meg!  
Å, lat nådens blodstraum nå meg,  
offerlam frå Golgata!  
Lær mi sjel kor du laut lida,  
syn meg såret ditt i sida,  
styrk og nær mi veike tru.  
Syn meg dine merkte hender,  
så eg frelst mitt auga vender  
opp til deg på krossen, du.*



# BARNE- OG UNGDOMSSIDER



flott vær denne helga og var mykje ute. Det vart tid til fotballturnering, pølsespidding, ringleikar og ekstrem sport på Skjergardsheimen sin eigen løypestreng. Til slutt på søndag inviterte vi til møte der foreldre og søskjen fekk lov til å vera med. Og nesten alle foreldre hadde huska å skru klokka ein time fram! Her fekk foreldra vera med på ein minileirsamling med minebibeltime, dei kjekkaste songane, avsløring av sporløpsvinnar og bilder frå leiren. Vi leiarar takkar for ei kjempeflett helg og håpar alle vil koma tilbake på 6.-7. klasseleir til hausten!

## Barnekantoriet på Kystmuseet



Søndag 27. mars vart det arrangert ei flott kultursamling på Kystmuseet. Det var offisiell opning av ei ny utstilling med tema «Kystgeita». Dette vart markert m.a. gjennom songar framført av Barnekantoriet og Øygardskoret.

Fleire av dei gamle skulesongane vart vekt til live gjennom engasjerte songarar og alle i den fullsette kafeen fekk også høve til å ta del i velkjende songar frå vår eiga skuletid.

## KONFIRMANTAR 2011

### Blomvåg, lørdag 7. mai, kl.11.00

Mats Halland  
Martin Monsen  
Susanne Dale Rong  
Marthe Jentoft Solberg  
Thomas Breivik  
Sondre Blom  
Kristoffer Haugland Ryland  
Karl Martin Oen (Hjelme)  
Therese Oen Paulsen  
Caroline Hermansen  
Bård Båtevik Teigstad  
Susanne Svellingen (Hjelme)  
Solveig Grepperud (Hjelme)  
Hanne-Sofie Thorsen

### Arijane Enehaug Grøneng Susanne Pettersen Kristoffer Breivik Lydia Karina Sandøy Rong Marianne Sandtorv Johannesen

### Hjelme, søndag 15. mai, kl.11.00



Anne-Maren Harkestad  
Susanne Jørgensen  
Mathias Nordøy  
Runar Fjeldstad Eriksen  
Pia Anita Rytter  
Rebecca Hellesund Gjellestad  
Benjamin Sandøy  
Marcus Hansen Sæle  
Harald Ruben Rytter  
Camilla Jasmin Breivik  
Sindre Ervik  
Ingrid Hatten  
Sølve Rinde Tornøe  
Aina Kathrine Sæle

### Blomvåg, søndag 8. mai, kl.11.00

Lone Algerøy Sanden (Hjelme)  
Kristine Büschmann Turøy  
Helene Langøen Oen  
Bjørnar Blom

### Blomvåg, lørdag 14.mai, kl.11.00

Steffen Harkestad  
Alexander Reme Torsvik  
Joakim Reme Torsvik  
Karolin Aldersjøen  
Even Sæle  
Maren Forstrønen Rong  
Markus Sæle  
Malena Hestad Midtøy  
Oda Nilsen Sætre  
Dani Andersen  
Sigrid Haugetun Hitsøy  
Eirik Johan Orkelbog  
Birgitte Haugetun Sebjørnsen  
Jakob Torsvik Oen



# UTDRAG AV ÅRSMELDINGSHETET FOR 2011

## Øygarden sokneråd har i 2010 bestått av:

Leiar: Olaug M Rong  
Nestleiar: Atle Dåvøy  
Øvrige medlemmar: Andreas Kårbo, Øyvind Solsvik, Erling Vik, Kristen Olai Fjeldstad og Svenn Martinsen  
Varamedlemmar: Astrid Rustad og Linn Karin Andersen (permisjon frå hausten 2010)

Soknerådet jobbar kontinuerleg med å finna **frivillige** til å driva kyrkjelydsarbeidet innan song & musikk, kyrkjekaffi og barnesamlingar. Det har vore vanskeleg å få nye namn på lista. Det er ikkje mange som vil binda seg opp mot dette arbeidet. Me har brukt for medarbeidarar i alle aldrar og av ulike interesser til å driva arbeidet framover. EI OPPFORDRING til oss alle. Jo **fleire** me er saman om dette arbeidet jo lettare og kjekkare får me det.

Soknerådet er opptatt av arbeidet som vert gjort rundt om i krinsane våre. Me er takksame for frivillige medarbeidarar, og ynskjer at kyrkja og dei lokale bedehusa skal kunne fungera ilag. Me har dette året brukt mykje tid på å diskutere vegen vidare spesielt innan barne og ungdomsarbeidet. **Konfirmantane** er ei gruppe me ynskjer skal ta meir del i kyrkjelyden vår, då til dømes på gudstenestene.

## Vedlikehald

Det går føre seg eit jamt vedlikehald av bygningar og kyrkjegardar. I 2010 vart det særleg fokusert på Blomvåg kyrkje. Til vedlikehald fekk ein tilsegn om eit rentefritt lån på 800.000 som skulle gå til nytt varmeanlegg, utskifting av vindauge i aust og nord, og isolasjon av golv og tak.

Isolasjonen av golvet vart i januar 2010 stoppa, då ein møtte på så store roteskader i berande konstruksjonar at kyrkja måtte stengast.



Det vart sendt ny søknad til kommunen om auka låneramme på 3,2 mill. Dette vart innvilga av Øygarden kommunestyre. Etter denne tid har ein fått utført omfattande rehabiliteringsarbeid både innvendig og utvendig:

1. Grunnarbeid under golv
2. Nye, berande konstruksjonar og nytt golv.
3. Nye stolar i staden for benkar.
4. Utskifting av roteskadar i berande konstruksjonar i inngangsparti.
5. Nytt hellelagt golv i våpenhus.
6. Ny takstein på kyrkja og servicebygg. Belegningsstein og asfalt utvendig (blir utført våren 2011).
7. Overhaling av orgelet (blir utført våren 2011)

Kyrkja vart opna att 29. august.

## Barnearbeid

Det har vore svært god oppslutning om leirane som har vorte arrangert i 2010. Hogne Berland og Herborg Kari(barnearbeid og ungdomsarbeid i NLM) har hatt ansvar for gjennomføring av leirane og det har dei gjort på ein framifrå måte. Dei har også vitja dei ulike barnelaga i kommunen. Kyrkjelydspedagog har også vore på nokre av barnelaga.

## Utdelingar

Det har vore delt ut helsing til dei ulike aldersgruppene i følgje trusopplæringsplanen. I Hjelme var det utdeling til 4 og 5-åringane i Hjelme kyrkje i oktober. Det var god oppslutning i kyrkja på dei ulike alderstrinn. I Blomvåg vart det også delt ut helsing/bok til 4-åringane i oktober. Utdeling av barnebibel til 5-åringane i Blomvåg sokn er lagt til dei ulike sondagsskulane.

## 6-års dåpsskule

Dåpsskulen vart arrangert i Hjelme kyrkje fire lørdagar i februar/mars. Det var Solveig Rob og kyrkjelydsped. Trine Overå Hansen som hadde denne. Det virkar som borna og foreldra har det kjekt på dåpsskulen, der dei får lage ein ting kvar gong, bli kjent med kyrkjerommet, syng og få høyra om Jesus. Det er også sosialt å sitje rundt borda og få kjeks, saft og kaffi. Det fungerer også som ein slags førskule for 6-åringane med ulike oppgåver og lekser. Avslutning for dåpsskulen var på gudstenesta 21.mars med utdeling av boka «Den usynlege venen».



## Konfirmantarbeid

Det var 58 konfirmantar som vart konfirmerete i Øygarden våren 2010. Tilbodet til konfirmantane er vanleg undervisning, filmseminar, og grupppearbeid. Dette føregår rett etter skuletid og vi startar med mat. I tillegg kom Familie og Medier og heldt seminar. Dei må også vere med på ein av dei frivillige kristne aktivitetane innanfor deira aldersgruppe.

## KRIK

Andrè Rong og dei eldste ungdommane har tatt ansvar for gjennomføring av samlingane. NLM og kyrkjelydspedagog har også vore engasjert her.

## Ichtys

Det har vore ungdomsmøte på Ichtys anankvar laurdag på Vik bedehus. Ichtys vert drive av frivillige og team.

**Skulelaget** har hatt andakt i storefri på ungd.skulen kvar torsdag. Det har vore bra frammøte på desse andaktane. Styret for laget har hatt møter med kyrkjelydspedagog minst ein gong i semesteret. For å få fleire til å komme på andaktane har dei begynt å kjøpe inn snacks. Dei har også arrangert tur til Peppes for rekruttering og oppmuntring av eksisterande styremedlemmer.

## Skulebesøk

I samband med utdeling av Bibel til 5.-klassingane reiser kyrkjelydspedagogen rundt på alle skulane og lærer dei litt om Bibelen og deler ut til dei som ikkje kom i kyrkja. I 2010 var det berre ein elev som ikkje ville ha Bibel.

## Vandring gjennom Bibelen

Vandring gjennom Bibelen har vore ein suksess dette året også. Det er kyrkjelydspedagog som lagar avtalene med skulane og Harald Berge Breistein som reiser rundt og gjennomfører opplegget.

# Kyrkjevalet 2011

Til hausten, samtidig med kommune- og fylkestingsvalet, vert det også **kyrkjeval**.

Denne siste kyrkjevalsperioden har berre vore på to år, – dette for å koma inn i rytme med kommunevalet. Ein får ved valet hove til å stemma på medlemmer både til Øygarden sokneråd og Bjørgvin bispedømeråd. Nominasjonsprosessen er alt i full gang. Til soknerådet skal det, som sist, veljast 3 faste frå kvart sokn og 5 varamedlemmer. Listene for Hjelme og Blomvåg sokn vert presenterte i neste nummer av ØyNytt.

Soknerådet legg opp til at det vert hove til å førehandsstemma på kyrkjekontoret frå mandag 15. august til fredag 9. september. Vidare vert det

førehandsrøysting i Hjelme kyrkje søndag 4. september etter gudstenesta. På valldagen, 12. september, vert kyrkjene opne i det same tidsrommet som ved kommunevalet. I Blomvåg kyrkje vert det val også søndag 11. etter gudstenesta.

### Frammøte og offer i gudstenestene

Frammøtestatistikken syner at det var 7048 personar innom dei to kyrkjene til gudstenester på søndagar i 2010, ein gjennomsnitt på 93 (I 2009 var talet 97).

Frå årsstatistikken for 2010 kan vi også nemna at det vart samla inn totalt 176.500 i offer i dei to kyrkjene. Av dette gjekk 43.000 til eige arbeid. Deler ein totalsummen på frammøtte, vert det 25 kr i gjennomsnitt.

### Rehabilitering av

### Blomvåg og Hjelme kyrkjer

Det omfattande arbeidet med **Blomvåg kyrkje** er no så og seie sluttført. På ny-

året er det også lagt nytt tak på servicebygget slik at taksteinen er lik på dei to bygga. Det som no står att er legging av belegningsstein ved hovudinngang og asfalt på nordsida, mot sakristiinngang.

**Hjelme kyrkje** er 40 år i 2011. Det er ei kyrkje som er solid bygd og ho har stått seg godt mot ver og vind desse åra. Likevel meiner fellesrådet at det no må gjennomførast fleire vedlikhaldspostar på bygget. Det er difor søkt kommunen om å ta opp eit rentefritt lån til nødvendig rehabilitering.



# KORT NYTT FRÅ KPK

### Bibel for 11-åringar

«Bibelen – ei vandring gjennom den store forteljinga» er tittelen på ei ny bok med eit breitt utval av bibeltekster i ulike sjangrar frå både Det gamle og Det nye testamente. Bibelskapet kalla det ein nyskapande bibel for 11-åringar. Teksten i boka er Bibelens eigen, merka med kapittel og vers. I tillegg inneheld boka 80 faktaboksar om sentrale personar og hendingar i Bibelen. Boka er tilpassa læreplana i skolen for RLE-undervisninga på mellomtrinnet og byggjer opp under formidlinga i kursopplegget «Vandring gjennom Bibelen for barn».

– Boka har med dei viktigaste forteljingane og rommar nok til å gi eit godt overblikk over heile Bibelen, uttalar Rune Øystese, som er akademilektor ved NLA Høgskolen.

Boka, som er på knapt 350 sider, føreligg både i bokmåls- og nynorskutgåve

Frelsесармeen. Begge stader livnærer seg i stor grad av turisme med mange tusen besøkjande i året.

Desse øygruppene treng sosial hjelp. Alkoholmisbruk og vald i heimen er forholdsvis vanleg. Sidan førebuingane til arbeidet starta i 2005, har offiserar arbeidd i fattige nabolog, på skular, med babysong, besøkstenester og turar for eldre. På Salomonøyane har dei første lokale soldatane sökt om å verte offiserar. På Turks- og Caicosøyene har møta hittil vore haldne heime hjå offiserane, men no har ein advokat stilt lokale til disposisjon for gudstenester.

### Skal forske på religion, etnisitet og konstitusjon

Som ein del av Forskningsrådet sitt program for forsking fram mot Grunnlovsjubileet 2014, skal KIFO (Stiftelsen for kirkeforskning) leie eit prosjekt om grunnloven som nasjonalt symbol. Prosjektet vert gjennomført av ei tverrfagleg prosjektrappe der også forskarar frå Diakonhjemmets Høgskole i Oslo og Rokkan-senteret i Bergen deltar. Prosjektet har også eit skandinavisk samanliknande perspektiv og har knytt til seg ei skandinavisk ekspertgruppe.

### Ny stadleg representant i Israel

Landsstyret i Den Norske Israelsmisjon har tilsett Andreas og Helene Johansson som nye medarbeidarar i Israel. Andreas Johansson går inn i stillinga som stadleg representant for organisasjonen sitt arbeid i landet, ei stilling som har vore ledig i vel eit halvt år.

Andreas Johansson arbeider i dag som ungdomsprest i Sørum, medan kona, Helene, er lærar i ungdomsskolen. Begge har misjonærerfaring frå Peru. Familien består også av døtrene Lydia og Lilly. Heile familien reiser til Israel og Haifa i begynnelsen av august, der første arbeidsoppgave blir å lære hebraisk.

– Stillinga som stadleg representant er ei nøkkelstilling for heile arbeidet vårt i Israel, både som åndeleg leiar, strategisk planleggjar og som brubyggjar i forhold til samarbeidspartnarar og offentlege instansar, seier generalsekretær Rolf Gunnar Heitmann i ei pressemelding. Heitmann har sjølv ivaretatt mange av oppgåvene i overgangsfasen.

Helene Johansson vil ha hovudansvar for oppfølging av volontørar og andre ungdomar som utfører korttidsteneste i Israel. Ho vil også bidra med å formidle nyheiter frå arbeidet heim til Noreg. KPK

### Frelsесармeen i 123 land

Frelsесармeen jobbar no i 123 land, og sist ut er to øygrupper; dei tropiske koralløyene Turks- og Caicosøyane i Karibia og Salomonøyane i Stillehavet. Begge øyane tilhører det britiske samveldet, og om lag 90 prosent av befolkninga tilhører ulike kristne trussamfunn, melder

## Tankar om misjon i dagens landskap

Artikkelen sto i nr 1, men var så vanskeleg lesa at vi trykkjer han opp att her:

For omlag 2000 år sidan vart dei første misjonærane sendt ut av Jesus med dette oppdraget (Matt28,18-20): «*Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor ut og gjer alle folkeslag til disiplar! Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.*» Og ein annan stad i Matteus-evangeliet står det: «*Og dette evangeliet om riket skal forkynnast i heile verda til vitnemål for alle folkeslag, og så skal enden koma.*» (Matt24,14).

Av Trine Overå Hansen

Etter heile 2000 år med misjon er det framleis mange som ikkje har høyrt dei gode nyheitene! Statistikken viser at omlag 2,7 av verdas 6,7 milliardar innbyggjarar aldri har høyrt evangeliet. Tradisjonelle misjonsland har dei siste hundreåra vore land i Afrika, Asia og Sør-Amerika. Etter kvart er det store deler av desse kontinenta som har teke imot den glade bodskapen, og i dag brukar enkelte misjonærar «Google Earth» for å finna unådde folkeslag som har budd isolert i aude landskap og aldri hatt besøk av misjonærar. Men treng vi eigentleg reisa så langt for å finna ei misjonsmark i dag? I Grunnlova står det at Norges offentlige religion skal vera den evangelisk lutherske, og tradisjonelt sett har Norge vore rekna som eit kristent land. Omtrent ni av ti nordmenn er medlem av eit kyrkjessamfunn, og 86 % av befolkningen er medlem av Den norske kyrkja. Men når det gjeld antall som går fast på møter eller gudstenester vert talet eit anna. Omlag 4,5 % går regelmessig til kristne samlingar, det vil seia minst ein gong i månaden. Dette tyder på at det også i Norge er mange unådde folk!

Mange vil hevda at det ikkje er så viktig å drive misjon i Norge, dei har jo allereie fått valet om dei vil vera kristne eller ikkje. Nokon vil til og med seia at det er direkte fornærmande å dela evangeliet med andre nordmenn (Vårt Land). Men sjølv om det er mange som er medlem av eit kyrkjessamfunn, er det ikkje dermed sagt at dei kjenner Jesus! Og det er jo like viktig at evangeliet vert forkrynt her også, sjølv om det er aldri så mange år sidan kristendommen kom



*«For jorda skal fyllast med kunnskap om Herrens herlegdom, liksom vatnet dekkjer havsens botn.»*

(Hab.2,14)

til landet. Dessutan fører innvandringa til at vi får stadig nye grupper i Norge som aldri før har høyrt evangeliet. Tek vi kristne innover oss det ansvaret vi har for å gje dei gode nyheitene til desse eller er vi mest redde for dei framande religionane?

Kvar enkelt person må sjølv bestemma om dei vil ta imot Jesus eller ikkje. Det nyttar ikkje berre å ta vare på gamle tradisjonar, det er eit hjarte-val. Det er det viktigaste valet ein gjer i livet, for det er det einaste som har nokon betydning for kvar vi skal vera i evigheten.

Då kan vi ikkje vera redde for å forkynne til folk! Nei, vi må drive misjon der vi kan og ta i bruk alle dei verke-middel vi har. Kanskje nettopp du som les dette skal byrja å fortelje andre om Gud? Det er ikkje sikkert du vert sendt til Afrika eller fjerne urbefolkningsgrupper. Kanskje kan du vitna om Jesus for nokon du kjenner? Kanskje akkurat det du seier vil få dei til å forstå kva det egentlig dreiar seg om å ta imot Jesus. La oss fortsatt drive misjon i land langt borte, men heller ikkje gløyma alle dei her heima som treng å få møta Han.

# Kjøp kjapt, trygt og billig

## KIWI mini pris

Søre Sæle

**Tlf. 56 38 71 20**

Mand – fred kl.08.00 - 22:00

Lørdagar 08:00 – 20:00

**Det er vi  
som bygger Øygarden**



**Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09**

**Adr. Pålsneset, 5337 Rong**

[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)

## Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personar.  
Arrangerer bryllaup,  
konfirmasjonar og andre  
tilstellingar.

Kan levera mat til alle  
anledningar.  
Middag, koldt bord og snittar.

**Tlf. 56 38 93 80**



Åsane Begravelsesbyrå AS  
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

## Indrøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer  
Rullestol

**Mobil: 90 59 90 59**

## Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes

Tinging av turar på

**tlf.: 56 38 91 91 / 951 12 634**

## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgrt. 11, 5007 Bergen  
**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**  
E-post: [post@solstrands.no](mailto:post@solstrands.no)  
*Vår erfaring - din trygghet*

## Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.  
Be om katalog og pris.

Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid  
5336 TJELDSTØ  
Tlf. 5638 9534 / 4004 1045



Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790  
E-mail: [post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden  
**TLF 56 32 08 90 hele døgnet**  
Skjenet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )



# Kva betyr den nye pensjonsreforma for deg?

I 2011 kjem det ei ny pensjonsreform som vil påverke pensjonen for oss alle. Reforma medfører at kvar og ein av oss må ha eit meir aktivt forhold til vår eigen pensjon.

Snakk med rådgivaren din i Sparebanken Vest for ein gjennomgang av kva konsekvensar den nye reforma får for deg.



**Eurospar**

- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

Fisk - og ternkavespesialisten      Fristend frukt og grønt

Innholdsrik betjent ostedisk      Nydelig mykste bakervarer

Velsmakende varm mat      Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

Bank i Butikk      EUROSPAR Rong tlf. 56 38 71 40

Logos: TOTO, Bank i Butikk

**Rong Kafe a/s**

Tlf.: 56 38 74 54

**Catering:**

- Varm Mat
- Baguetter
- Koldtallerken
- Kaker
- Snitter
- Koldtbord

**B.P.S Solutleige**

v/Arvid Rong 5337 Rong  
tlf.: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22  
Mobil: 918 56 258

Vi kan tilby 12 rørs solheimler eller solseng med høy kvalitet.  
Du ringer - vi bringer!  
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

Vi formidlar blomster til innland og utland



**trend Frisør**

RONG SENTER

Eigne prisar for pensjonistar  
Langope torsdag

TIMEBESTILLING 56 38 73 90

5334 HELLESØY  
TLF: 56388008/47755570  
ORG.NR.984589565  
e-post:hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :  
MAND.-TORSD. 900-1800  
FRED. 900-1900  
LØRD. 900-1600

VI HAR SØNDAGSÅPENT I SOMMERHALVÅRET.

**Torsvik**  
ELEKTRO

Instalasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolantenn  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00  
Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no

- Massasje
- hudpleie
- fotpleie
- voksing mm

**ØYGARDEN**  
HUD & KROPPSPLEIE  
Rong senter  
Tlf.: 56 38 95 15



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiaftale
- Gass



**BLOM**  
**SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

**Godkjent bilverksted**



Bokhandelen som setter kristen litteratur og musikk i fokus



Bok & Media\* Vestbok  
Vetrldssallmenningen 1 5014 Bergen  
Tlf: 55 31 79 63  
www.vestbok.no

# KYRKJELEGE HANDLINGAR

## TIL LUKKE

- |               |           |                                     |
|---------------|-----------|-------------------------------------|
| <b>70 år:</b> | 7. april  | Magne Kristian Fureberg, Jensvarden |
|               | 7. april  | Solveig Karin Bekkenes, Dåvøy       |
|               | 28. april | Oddvar Johan Dahl, Hellesøy         |
|               | 28. april | Ingebjørg Birkeland Vik, Vik        |
| <b>75 år:</b> | 12. april | Margrethe Myklastad, Veslevarden    |
|               | 20. april | Norvald Ole Bekkenes, Dåvøy         |
|               | 28. april | Norvald Heggøy, Heggøy              |
|               | 8. mai    | Oline Kristine Torsvik, Bruberget   |
|               | 8. mai    | Alfred Andreas Alden, Pålsneset     |
|               | 8. mai    | Nils Gjengedal, Bruberget           |
|               | 22. mai   | Borgny Liv Knappen, Hellesøy        |
| <b>80 år:</b> | 6. mai    | Anders Johannes Herdlevær, Toft     |
| <b>90 år:</b> | 9. april  | Anny Fjeldstad, Tjeldstø            |



## DØYPTE

- Blomvåg:** Arijane Enhaug Grøneng, Rong  
Karolin Aldersjøen, Veslevarden  
Nathalie Aldersjøen, Veslevarden  
Ida Grundvåg Haugetun, Storevarden  
Alexander Truchs Hæreide, Rossnesvegen  
Marthe Nottveit, Vik  
Emma Mariel Jansen, Pålsneset  
Leonora Oen Risløw, Jervhella
- Hjelme:** Emil Solberg Kvalvik, Nautnes  
Thea Davø, Rossnesvegen  
Tomine Blom Hjartøy, Raudhammaren



## VIGDE

- Hjelme kyrkje:**  
Lise Beate Hansen og Dag Erik Kvalvik, Nautnes

## DØDE

- Blomvåg:** Ragnhild Elfrida Haugetun, Rong f. 1924  
Magnus Torsvik, Vågeveien f. 1920  
Magne Børge Toft, Oen, f. 1948
- Hjelme:** Karina Hovden, Tednebakkane f. 1920



## GUDSTENESTER

- |                  |   |
|------------------|---|
| <b>10. april</b> | <b>Blomvåg kyrkje kl.11:00</b><br>Høgmesse v/ E. Hjortland                                |
| <b>17. april</b> | <b>Hjelme kyrkje kl. 11:00</b><br>Familemesse v/ S. Martinsen og Henry Skogvoll Nattverd. |
| <b>21. april</b> | <b>Blomvåg kyrkje kl. 19:00</b><br>Nattvergdgudsteneste v/ E.Hjortland                    |
| <b>22. april</b> | <b>Hjelme kyrkje kl. 19:00</b><br>Langfredagsgudsteneste v/ S. Martinsen                  |
| <b>24. april</b> | <b>Blomvåg kyrkje kl. 11:00</b><br>Høgmesse v/ S. Martinsen Nattverd.                     |
| <b>25. april</b> | <b>Hjelme kyrkje kl. 11:00</b><br>Høgmesse v/ S. Martinsen. Nattverd.                     |
| <b>28. april</b> | <b>Hjelme kyrkje kl. 19:00</b><br>Samtalegudsteneste for konfirmantane                    |
| <b>1. mai</b>    | <b>Hjelme kyrkje kl. 11:00</b><br>Høgmesse v/ S. Martinsen. Nattverd.                     |
| <b>7. mai</b>    | <b>Blomvåg kyrkje kl. 11:00</b><br>Konfirmasjonsgudsteneste                               |
| <b>8. mai</b>    | <b>Blomvåg kyrkje kl. 11:00</b><br>Konfirmasjonsgudsteneste                               |
| <b>14. mai</b>   | <b>Blomvåg kyrkje kl. 11:00</b><br>Konfirmasjonsgudsteneste                               |
| <b>15. mai</b>   | <b>Hjelme kyrkje kl. 11:00</b><br>Konfirmasjonsgudsteneste                                |
| <b>17. mai</b>   | <b>Blomvåg kyrkje kl. 11:00</b><br>Familiegudsteneste                                     |
| <b>17. mai</b>   | <b>Hjelme kyrkje kl. 12:30</b><br>Familiegudsteneste                                      |
| <b>22. mai</b>   | <b>Blomvåg kyrkje kl. 11:00</b><br>Høgmesse v/ E.Hjortland. Dåp. Nattverd                 |
| <b>29. mai</b>   | <b>Hjelme kyrkje kl. 11:00</b><br>Høgmesse v/ S. Martinsen. Nattverd                      |

*Bergen & Omegn*  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge  
Polden



Espen  
Polden



Tom  
Wilson



Heine  
Polden

Døgnetelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**

Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**

2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



Returadresse:  
ØYNYTT  
Boks 144  
5331 RONG

B posten DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE  
Øy Nytt NOREG P.P. PORTO BETALT

## I NÆRKONTAKT MED MISJONEN

### På besøk hos Janesh Amenya i Kenya

Nyleg var ei gruppe frå Øygarden på ein rundtur i Kenya for å følgja spora til norske misjonærar og norsk bistandsarbeid. Der møtte dei også Janesh som mange vil kjenna frå kyrkjelydsarbeid i Øygarden. Til hausten er han tilbake til kyrkjelydane i Øygarden etter snart tre års permisjon.

Tekst: Gerhard Vik. Foto: Ottar Vik

Janesh er utsending for Norsk Luthersk Misjonssamband og stasjonert i Mombasa, hamnebyen ved det Indiske hav. Der leigar misjonen eit romsleg murhus med hage av ein engelsmann. Då me besøkte han, var også kona, Turid Toft Amenya kome til Mombasa. Ho bur til dagleg saman med resten av familien på misjonssenteret i Nairobi der gutane går på skule. Men til hausten ventar vidaregåande skule heime i Norge på den eldste guten.

Janesh som sjøl er afrikanar, har sitt arbeid mellom muslimar i området rundt Mombasa der islam har stor framgang.

Den norske gruppa på besøk hos ein familie i Pokot.



Islam har som mål å islamisera heile Afrika, fortel Janesh. Dei som går over til kristendommen må betala ein høg pris. Han fortel om ein ungdom som er blitt støytt ut av familien og ikkje lenger får bu heime, og om ein annan som vart

opp sagt to gonger då arbeidsgjeveren fekk veta at han hadde blitt ein kristen. Det medfører store omkostningar å følgja Jesus.

Dette området står på mange måtar i motsetning til det religiøse livet i resten av Kenya, der kristendommen har stort fotfeste innafor evangeliske, lutherske og katolske kyrkjer.

Janesh fortel at han brukar mykje tid på å byggja relasjonar og knyta venskap ein for ein. Han driv vaksenopplæring og underviser i engelsk, zwahili, matematikk og litt data. På den måten får han tillit blant folket og kan fortelja om Jesus.

Det trengst mykje kjærleik, forbøn og tolmod i dette arbeidet. Det er vanskeleg å samla fleire enn 10 personar på ein gong, fordi ulike stammegrupper og etniske motsetningar lett fører til krangle. Og dei eldre vil ikkje vera saman med dei unge. Men me opplever at folk tar imot evangeliet og får eit løft både åndeleg og sosialt, seier Janesh.

Janesh og Turid hadde laga til eit festmåltid for venene frå Øygarden. Dei sat med opne augo og øyre då Janesh formidla inntrykk frå arbeidet. Ein av dei braut ut: «No veit me at offeret i Blomvåg og Hjelme kyrkjer julaftan har kome fram til rett plass».



Besøk hos Janesh og Turid i Mombasa.